



Bømlo kommune
Driftige folk i vakker natur!

EIN VEG INN I ARBEIDSLIVET?

**BØMLO VAKSENOPPLÆRING –
SAMARBEID OM PRAKSISPLASSAR**



KVIFOR SKAL DIN ARBEIDSSTAD VURDERE EIN PRAKSISPLASS?

- Høve til å vurdere og rekruttere nye tilsette
- Skape ein arbeidsplass med mangfald og inkluderande tankesett
- Framheva kompetanse, utdanning og yrkeserfaring som din arbeidsplass og Bømlø har nytte av
- Ekstra arbeidskraft og avlastning på oppgåver etter opplæring
- Gjere ein innsats for andre



MÅLET MED EIN PRAKSISPLASS:

- Vere ein opplæringsarena som kan føre til ordinært arbeid
- Syna fram eigen kompetanse for arbeidsgjevar
- Få innblikk i eit yrke og arbeidslivskunnskap, samt gi arbeidserfaring, kunnskap og referanse
- Styrka nettverk og kulturell kompetanse
- Gje høve til å praktisera norsk i autentiske situasjonar

SLIK SER EIT PRAKSISLØP FRÅ BVO UT:

- Tal på praksisdagar i veka blir tilpassa
- Me har standardisert praksiskontrakt
- Me sett opp mål og arbeidsoppgåver for perioden saman med arbeidsgjevar
- Oppfølging frå BVO etter ønskje og behov

KVA ER INTRODUKSJONS-PROGRAMMET ?



Introduksjonsprogrammet er eit nasjonalt tiltak for busette flyktingar med behov for grunnleggande kvalifisering.



Programmet skal innehalde opplæring i norsk og samfunnskunnskap, samt tiltak som førebur til vidare opplæring eller tilknytning til yrkeslivet.



OM OSS

- ✓ Bømlo kommune har busett mange flyktningar dei seinare åra. Det er difor behov for praksisplassar i mange av Bømlo sine bedrifter.
- ✓ Me håper på positiv velvilje frå din arbeidsplass til å tilby språk- og arbeidspraksis til framtidige arbeidstakarar.
- ✓ Som busettingskommune er me avhengig av kvarandre for å skape ein heilskapleg integreringsarena for å behalde og utvikle arbeidskraft lokalt.




KONTAKT OSS

Telefon 53 42 36 90

kl. 08.00 - 15.30 kvar vekedag

bvopost@bomlo.kommune.no

www.bomlo.kommune.no



Me held til i 2. etasje av Jernia-bygget med inngangsdør på høyre side av bygget. Besøksadresse:
Svortlandsvegen 17, 2. etasje, 5430
Bremnes

